

# Samfunnsplan for Lom

2026-2038

Kommuneplanens samfunnsdel er vedteke  
i Lom kommunestyre  
xx.xx.2026, sak 202/xx

## Innhald

Innleiing .....	3
Visjon.....	3
Realistisk planlegging .....	3
I korte trekk – Lom i dag.....	4
Befolkning .....	4
Sysselsetting .....	4
Næringsliv .....	5
Aktivitet og fellesskap.....	5
Folkehelse og levekår .....	6
Klima og natur.....	7
Beredskap .....	7
Lom i verda .....	8
FNs berekraftmål .....	8
Lom kommune sine utvalde berekraftmål .....	8
Satsingsområda .....	10
Berekraft.....	10
Attraktivitet.....	12
Leve heile livet i Lom .....	13
Arealstrategi.....	14
Mål for arealbruk knytt til bustadutvikling .....	15
Mål for jordvern .....	15
Mål for arealbruk knytt til fornybar energi.....	16
Mål for næringsareal .....	16
Samfunnsplanen i bruk .....	17
Handlings- og økonomiplan .....	17
Korleis lykkast vi? .....	17
Revidering.....	18
Medverknad .....	18
Rammene rundt.....	18
Nasjonale og regionale rammer .....	18
Lokale føringar .....	18
Sitat frå innbyggjarar .....	19

# Innleiing

Kvar skal vegen for Lom gå dei neste åra? Samfunnsplanen skal vere kommunen sitt overordna styringsdokument. Her skal overordna mål gå fram, både for utvikling av lokalsamfunnet og for kommuneorganisasjonen. Dette skal ligge til grunn for dei vala som kommunen gjer dei neste åra.

Der samfunnsdelen skal vere overordna, skal handlingsdelen gå i detaljer. I Lom er det økonomiplanen som er kommuneplanen sin handlingsdel, og i denne blir mål og verkemiddel konkretisert i gjeremål.

Saman skal desse styringsdokumenta gje retninga for lomssamfunnet og organisasjonen Lom kommune.

Denne planen er bygd opp kring satsingsområde, hovudmål og delmål. Dette er igjen knytt opp mot FN sine berekraftmål.

# Visjon

Ein visjon skal styre retninga på utviklings- og planleggingsarbeidet i kommunen. Visjonen skal vere noko som motiverer og som ligg langt der framme, som vi skal strekke oss etter.

Dagens visjon er "Lom – gjestfri og nyskapande".

Gjestfridomen skal omfatte dei som allereie er busette i kommunen, dei som ønskjer å busette seg her, tilreisande og turistar. Samstundes ligg det fire grunnverdiar til grunn:

- Nyskapande i samfunnsutviklinga
- Trivsel i alle aldrar
- Lokal kultur og historie: Kunnskap og vidareføring
- Natur: Ivaretaking og bruk

Lom kommune ønskjer å sjå framover og følgje med på utviklinga i samfunnet.

Lom kommune er ikkje eineståande i sine moglegheiter, sine utfordringar, sin natur og kultur – vi står i konkurranse med mange andre kommunar som også treng fleire innbyggjarar, fleire barn og unge, kommunar som kan vise til verdifull og vakker natur og trivelege bygdesentrum.

Visjons- og omdømmearbeid vil kunne fornye korleis Lom framstår utad, og forankre kva visjon vi skal arbeide mot.

Slik kan vi saman bygge laget *Oss i Lom*, og bli meir synlege både internt i kommuneorganisasjonen og utad mot lokalsamfunnet.

# Realistisk planlegging

Dei langsiktige og overordna måla i distriktskommunar har i mange år vore retta mot vekst, auka innbyggartal og fleire arbeidsplassar. Dei seinare åra har praksisen dreia seg mot ei meir realistisk form for planlegging, der utgangspunktet er realistiske framskrivingar og elles dei føresetnadane kommunen faktisk har.

Denne kommuneplanen tek høgde for dreininga mot realisme, der fokuset er å ta vare på dei innbyggjarane og dei arbeidsplassane ein allereie har. Befolkningsnedgangen er reell. Det synkande talet på barn og unge og den aukande andelen eldre er ein realitet. Det er ein stor prosess å omstille kommunen sitt tenestetilbod og -nivå til denne framtida.

Kommunen skal planlegge for det realistiske og arbeide for vekst. Og: Det skal arbeidast godt for at Lom skal vere ein god plass å bu for dei som på ulike vis har tilhald her i dag.

Kommuneorganisasjonen er liten, med få tilsette som skal handtere eit breitt spekter av oppgåver. Dette gjer medarbeidarane til generalistar, og avgrensar samstundes kapasiteten til langsiktig strategiarbeid og utvikling av omfattande kunnskapsgrunnlag. Samstundes står kommunen framfor strammare økonomiske rammes no og i åra som kjem, med redusert handlingsrom og auka press på prioriteringar. Dette krev ei kontinuerleg omstilling av drift, der tenestetilbod og -nivå i større grad må tilpassast dei ressursane kommunen faktisk rår over. Konsekvensen er at kommunen må gjere tydelegare prioriteringar, arbeide meir effektivt og i større grad samarbeide med andre for å sikre berekraftige tenester.

Nasjonal, regional og lokal samordning, forenkling og kommunale samarbeid blir derfor avgjerande for gode tenester i åra framover. Berekraft, forstått som balanse mellom tilgang på kompetanse og økonomi, skal vere styrande for korleis Lom organiserer og utviklar tenestene sine framover.

## I korte trekk – Lom i dag

### Befolkning

Trenden over tid er klar: I Lom, som i heile regionen, blir vi færre innbyggjarar. Ein større andel av befolkninga blir eldre, og ein mindre andel er barn og unge og personar i yrkesaktiv alder. Mange flyttar til, men samstundesflyttar mange ut.

Lom står overfor tydelege demografiske endringar dei komande åra. Framskrivingar viser ein reduksjon i folketalet fram mot 2030, samstundes som talet på eldre aukar betydeleg. Aldersgruppa over 67 år er venta å auke med over 20 prosent, og vil utgjere om lag ein tredel av befolkninga. Samstundes vil talet på yrkesaktive gå ned. Antal yrkesaktive bak kvar pensjonist vil i perioden fram mot 2040 bli halvert. Dette gir eit auka press på kommunen sine tenester og stiller krav til omstilling, prioritering og betre utnytting av samla ressursar i lokalsamfunnet. Endringane påverkar korleis kommunen planlegg for framtida og korleis tenesteytinga skal utformast.

Også dei økonomiske rammene endrar seg etter folketalet og befolkningssamansetting, og tenestetilbodet blir planlagd tilpassa dei framtidige behova.

### Sysselsetting

Landbruk, reiseliv, varehandel og bygg og anlegg er, saman med offentleg sektor, dei viktigaste næringane for sysselsetting i Lom. Næringslivet er prega av mange små og mellomstore verksemder med sterk lokal forankring, men òg ein viss sårbarheit knytt til demografiske endringar, rekruttering og sesongvariasjonar.

Mange arbeidsgjevarar har behov for fleire tilsette, men opplev utfordringar med å rekruttere kvalifisert arbeidskraft. Dette gjeld særleg innan yrkesfag og helse- og

omsorgssektoren. Arbeidsmarknaden er stram, med låg arbeidsledigheit og høg etterspurnad etter kompetanse, og det er eit aukande behov for å rekruttere arbeidskraft utanfrå kommunen.

Syssettingsgraden ligg om lag på nivå med fylket, men noko under landsgjennomsnittet. Talet på syssette har over tid gått ned, i takt med utviklinga i folketalet, og dette forsterkar utfordringane knytt til tilgang på arbeidskraft.

Lom er ein del av ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion i Nord-Gudbrandsdalen, der fleire pendlar mellom kommunane. Talet på arbeidsplassar i Lom er noko lågare enn talet på syssette med bustad i kommunen, noko som fører til ei viss utpendling. Eit godt regionalt samarbeid er difor viktig for vidare utvikling av arbeidsmarknaden.

Samstundes har Lom eit relativt høgt utdanningsnivå samanlikna med fylket og landet elles, noko som gir eit godt grunnlag for utvikling av kompetansesarbeidsplassar og vidare næringsutvikling.

For å møte utfordringane framover er det særleg behov for å utvikle fleire heilårsarbeidsplassar, styrke rekruttering og sjå næringsutvikling, bustadtilbod og attraktivitet i samanheng.

## Næringsliv

Næringsstrukturen i Lom og Nord-Gudbrandsdalen er prega av mange små og mellomstore bedrifter, der mykje av verdiskapinga blir att lokalt. Talet på bedrifter har auka dei siste åra. Det er likevel færre nyetableringar enn landsgjennomsnittet, og kommunen kan i liten grad tiltrekke seg etableringar som er arealkrevjande.

Lom har lange tradisjonar som reiselivsdestinasjon. Sjølv om skuldervesongane har styrka seg dei siste åra er juli den desidert største månaden med tanke på overnattingar og detaljhandel. Landbruket er ein viktig del av både næringslivet, busetnaden og kulturlandskapet i Lom. Talet på aktive jordbruksføretak har gått gradvis ned over tid, i tråd med nasjonale utviklingstrekk, og utviklinga går i retning av færre og større einingar. Samstundes står næringa overfor utfordringar knytt til lønnsemd, investeringsbehov, tilgang på areal og rekruttering. Lom har store utmarksressursar som gir grunnlag for verdiskaping, men dette føreset gode rammevilkår og berekraftig forvaltning.

Bygg- og anleggsverksemd, transport og industri bidreg med viktige arbeidsplassar lokalt. Lom har mange bedrifter som er gode på tradisjonelt handverk, og som er etterspurde både regionalt og nasjonalt.

Lom har potensial for vidare utvikling gjennom nye næringar og arbeidsformer. Stadsuavhengige arbeidsplassar, digitalisering og eit tettare regionalt samarbeid kan bidra til auka attraktivitet og styrka rekrutteringsgrunnlag, dersom det blir følgt opp med tilrettelegging innan bustad, infrastruktur og kompetanse.

## Aktivitet og fellesskap

Eit godt og variert fritidstilbod bidreg til betre livskvalitet, meistring og deltaking gjennom sosiale møteplassar, fysisk aktivitet og kulturelle opplevingar. Dette er sentrale faktorar for god folkehelse i alle aldersgrupper.

Fleirbrukshuset Utgard er ein viktig møteplass i kommunen, med idrettshall og kultursal, og som arena for skule, frivillig aktivitet og arrangement. Her held også Jotunheimen vidaregåande skule til. Lom folkebibliotek er ein lågterskel møteplass som fremjar leselyst, kunnskap og deltaking i kultur- og samfunnsliv.

Lom friviljugsentral spelar ei sentral rolle som knutepunkt for frivillig innsats og lokal mobilisering. Dei mange laga og organisasjonane i Lom skaper aktivitet og fellesskap for barn og unge, vaksne og eldre, og er avgjerande for trivsel og folkehelse.

Kunnskapsgrunnlaget som er utarbeidd til denne samfunnsplanen viser samstundes at særleg barn og unge etterspør fleire møteplassar og eit breiare aktivitetstilbod. Frivilligheita melder om behov for betre koordinering, tilgang til eigna lokal og tettare samarbeid med kommunen. Samstundes vil ei aldrande befolkning påverke både deltaking og behov i åra framover.

For å møte desse utviklingstrekk må kommunen i større grad leggje til rette for inkluderande og tilgjengeleg møteplassar, styrke samhandlinga med frivillig sektor og prioritere tiltak som stimulerer til deltaking på tvers av alder og bakgrunn. Med avgrensa ressursar blir det viktig å utnytte eksisterande arenaer betre, utvikle fleksible tilbod og støtte opp under dei kreftene som skaper aktivitet og fellesskap lokalt.

## Folkehelse og levekår

Folkehelseoversikta viser eit samansett bilete for Lom. Kommunen har høg trivsel og opplevd tryggleik i befolkninga, samstundes som det er ei negativ utvikling med auke i unge uføre, psykiske plager blant ungdom og unge vaksne, samt rusutfordringar med låg debutalder på inntak av alkohol. Det er også rapportert om søvnevanskar blant barn og unge. Desse utviklingstrekk peikar tydeleg på behovet for sterkare innsats innan førebygging og tidleg innsats, særleg retta mot barn, unge og familiar.

Tenestene innan sektorane oppvekst og helse og meistring held god kvalitet og gir trygge tilbod. Samstundes må vidare utvikling av tenestene skje innanfor ramma av endra demografi, nasjonale føringar og eit strammare økonomisk handlingsrom. Endringar i befolknings-samansettinga bidreg til auka etterspurnad etter helse- og omsorgstenester og mindre tilgang på arbeidskraft. Dette krev ei tydeleg omstilling der ressursane i større grad blir retta mot dei områda der behova aukar mest. Samstundes må kommunen leggje større vekt på førebygging og tiltak som kan redusere veksten i tenestebehovet.

Kommunen må i større grad løyse oppgåvene på nye måtar, med betre utnytting av kompetanse, meir tverrfagleg samhandling og auka bruk av teknologi der dette er formålstenleg. Endringar i organisering, arbeidsprosessar og oppgåvedeling vil vere nødvendig for å sikre berekraftige tenester.

Utfordringar knytt til rekruttering og stabil tilgang på kompetent arbeidskraft vil forsterke behovet for prioritering og omstilling. Det blir viktig å utvikle kommunen som attraktiv arbeidsgjevar og samstundes redusere sårbarheit gjennom samarbeid med andre kommunar og fagmiljø.

Ei meir heilskapleg tilnærming til tenestene krev betre samordning på tvers av sektorar og ei sterkare orientering mot innbyggjarane sine samla behov. I dette samarbeidet er kommunen avhengig av gode utviklingspartnarar i form av akademia, regionale og nasjonale støttespelarar.

Førebyggjande og tidleg innsats som er samordna rundt familien i eit livsløpsperspektiv er avgjerande for å dempe veksten i behov. Ein god barndom er avgjerande for helse, deltaking og meistring seinare i livet, og er eit av dei viktigaste verkemidla for å redusere sosiale forskjellar.

I åra framover må det leggjast større vekt på eigenmeistring og på kva den enkelte kan bidra med sjølv, med støtte frå familie, nettverk og frivillige. Kommunen si rolle vil i større grad vere å leggje

til rette for at innbyggjarane kan meistre eigen kvardag og bu heime lengst mogleg. Eit tett samspel mellom kommune, pårørande og frivillig sektor blir avgjerande for å lykkast.

## Klima og natur

Globale klimaendringar gjev også utslag lokalt og fører til at naturen kring oss responderer annleis ein før. Dette ser vi mellom anna i endringar i nedbør og temperatur.

Ifølgje klimaprofil for Oppland er det forventa at episodar med kraftig nedbør skal auke vesentleg både i intensitet og hyppigheit i alle årstider, og ein større del av nedbøren vil kome som regn. Det kan ventast større flaumar i elver som er påverka av regnflaumar.

Det er venta at snøsmelting vil kome tidlegare på året, og sjølv om det er venta auke i sommar-nedbøren er det sannsynleg at ein kan få lengre periodar med låg vassføring i elvene om sommaren, og lengre periodar med låg grunnvasstand. Dersom breane blir mindre kan det gje store utfordringar for den kunstige vatninga som vi er avhengige av i området.

I Lom er naturfare eit nærast dagleg tema. Bratte dalsider og flaumutsette elver gjer oss eksponerte for naturkreftene. Dette pregar korleis forvaltninga må utøve sine oppgåver. Dei siste åra har kommunen vore råka av fleire hendingar med konsekvensar for busetting, idrettsanlegg, næringsområde og landbruksareal.

Topografi og naturfare gjer det utfordrande å finne til dømes nye næringsareal og bustadareal.

Den viktigaste påverknadsfaktoren for naturmangfaldet på land er endringar i arealbruk. Inngrep som kvar for seg verker små kan i sum ha ein negativ påverknad på naturmiljøet. Sjølv om Lom har store verna areal så er omsynet til klima og naturmangfald viktig når vi arbeider med arealbruk.

## Beredskap

Kommunane er underlagde krava i lov om kommunal beredskapsplikt, der føremålet er å verne liv, helse, miljø, materielle verdiar og kritisk infrastruktur. Det er krav om heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) og ein overordna beredskapsplan som er oppdatert og tilpassa det lokale risikobiletet.

For Lom er beredskap tett knytt til naturfare, klimaendringar og ei auka sårbarheit i kritisk infrastruktur. Meir ekstremvêr, flaumar og skred aukar risikoen for hendingar som kan få store konsekvensar for busetnad, næringsliv og samfunnsfunksjonar. Samstundes har den sikkerheitspolitiske situasjonen endra seg dei siste åra, og gir eit breiare og meir samansett risikobiletet der òg digitale truslar, forsyningstryggleik og samfunnskritiske funksjonar må vurderast heilskapleg.

Arbeidet med totalforsvaret understrekar behovet for å styrkje samhandlinga mellom sivile og militære aktørar, og for å auke medvit og beredskap i heile samfunnet. For kommunen inneber dette ei tydelegare rolle i totalforsvaret, med ansvar for å sikre kontinuitet i tenester, støtte opp under nasjonale beredskapsstrukturar og bidra til lokal motstandskraft. God samordning mellom interne einingar, nødetatar, nabokommunar, regionale styresmakter og relevante forsvarsaktørar er avgjerande. Frivillige organisasjonar er ein viktig ressurs, både i det førebyggjande arbeidet og ved handtering av akutte hendingar.

Som ein liten generalistkommune er Lom sårbar når det gjeld kapasitet og kompetanse innan beredskap. Samstundes er krava til beredskap omfattande. Interkommunalt samarbeid er ein sentral strategi for å styrkje kapasitet og kompetanse, mellom anna gjennom felles

beredskapskoordinator med Skjåk kommune og felles regional beredskapskoordinator i Nord-Gudbrandsdal.

I åra framover vil behovet for ei meir systematisk og førebyggjande tilnærming til beredskap auke. Totalforsvarsperspektivet inneber at kommunen må vidareutvikle evna til å handtere både fredstidshendingar og kriser med større kompleksitet. Dette omfattar betre integrering av beredskap i planlegging, styrkt kunnskapsgrunnlag, auka øvingsaktivitet og tiltak som styrkjer eigenberedskap i befolkninga. Evna til å førebygge, handtere og lære av hendingar vil vere avgjerande for å sikre eit trygt og robust lokalsamfunn.

## Lom i verda

### FNs berekraftsmål

Ei berekraftig utvikling imøtekjem dagens behov utan å øydelegge moglegheitene for at komande generasjonar skal få dekt sine behov.

FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kamp mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030.

Regjeringa har bestemt at dei 17 berekraftmåla som FN har jobba fram, og som Noreg har slutta seg til, skal vere det politiske hovudsporet vi skal følgje også i Noreg.

Desse berekraftmåla skal derfor vere ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga i Lom. Tolv av desse står fram som spesielt sentrale for Lom i åra som kjem. I tillegg har vi vald ut eit knippe av FN's delmål.

### Lom kommune sine utvalde berekraftsmål

2	<b>Utrydde svolt</b>	Utrydde svolt, oppnå mattryggleik og betre ernæring, og fremje berekraftig landbruk.
3	<b>God helse og livskvalitet</b>	Sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder.
4	<b>God utdanning</b>	Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje moglegheiter for livslang læring for alle.
6	<b>Reint vatn og gode sanitærforhold</b>	Sikre berekraftig vassforvaltning og tilgang til vatn og gode sanitærforhold for alle.
7	<b>Rein energi til alle</b>	Sikre tilgang til påliteleg, berekraftig og moderne energi til ein overkommeleg pris for alle.
8	<b>Anstendig arbeid og økonomisk vekst</b>	Fremje varig, inkluderande og berekraftig økonomisk vekst, full sysselsetting og anstendig arbeid for alle.
10	<b>Mindre ulikskap</b>	Redusere ulikskap i og mellom land.
11	<b>Berekraftige byar og lokalsamfunn</b>	Gjere byar og lokalsamfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige.

12	<b>Ansvarleg forbruk og produksjon</b>	Sikre berekraftige forbruks- og produksjonsmønster.
13	<b>Stoppe klimaendringane</b>	Handle omgåande for å motarbeide klimaendringane og konsekvensane av dei.
15	<b>Livet på land</b>	Verne, attendeføre og fremje berekraftig bruk av økosystem, sikre berekraftig skogforvaltning, motverke ørkenspreiing, stanse og reversere landforringing og stanse tap av naturmangfald.
16	<b>Fred, rettferd og velfungerande institusjonar</b>	Fremje fredelege og inkluderande samfunn for å sikre berekraftig utvikling, sørgje for tilgang til rettsvern for alle og byggje velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle nivå.

Gjennom å arbeide med måla i samfunnsplanen bidreg ein til å nå mellom andre desse av FNs berekraftmål:

- 2.4 Innan 2030 sikre at det finst berekraftige system for matproduksjon, og innføre robuste metodar som gjev auka produktivitet og produksjon, som bidreg til å halde oppe økosystema, som styrkjer evna til å tilpasse seg til klimaendringar, ekstremvêr, tørke, flaumar og andre katastrofar, og som gradvis betrar arealar og jordas kvalitet.
- 6.6 Innan 2020 verne og byggje opp att vassrelaterte økosystem, inkludert fjell, skogar, våtmarker, elvar, vassførande bergartar og innsjøar.
- 7.2 Innan 2030 auke prosentdelen fornybar energi i det samla energiforbruket i verda vesentleg.
- 8.3 Fremje ein utviklingsretta politikk som støttar produktive aktivitetar, oppretting av anstendige arbeidsplassar, entreprenørskap, kreativitet og innovasjon, og stimulere til formalisering av og vekst i talet på svært små, små og mellomstore bedrifter, mellom anna ved å gje dei tilgang til finansielle tenester.
- 10.2 Innan 2030 sikre myndiggjering og fremje sosial, økonomisk og politisk inkludering av alle, uavhengig av alder, kjønn, funksjonsevne, rase, etnisitet, nasjonalt opphav, religion eller økonomisk eller annan status.
- 11.1 Innan 2030 sikre at alle har tilgang til tilfredsstillande og trygge bustadar og grunnleggjande tenester til ein overkomeleg pris, og betre forholda i slumområde.
- 11.3 Innan 2030 styrkje inkluderande og berekraftig urbanisering og leggje til rette for deltakande, integrert og berekraftig samfunnsplanlegging og forvaltning i alle land.
- 11.6 Innan 2030 redusere negativ påverknad på miljøet frå byar og lokalsamfunn (målt per innbyggjar), med særleg vekt på luftkvalitet og avfallshandtering i offentleg eller privat regi.
- 11 b Innan 2030 oppnå ein vesentleg auke i talet på byar og lokalsamfunn som vedtek ein integrert politikk og gjennomfører planar med sikte på inkludering, betre ressursbruk, avgrensing av og tilpassing til klimaendringar og evne til å stå imot og handtere katastrofar, og dessutan utvikle og setje i verk eit heilskapleg system for risikostyring og katastrofehandtering på alle nivå, i tråd med Sendai-rammeverket for katastrofeberedskap for 2015-2030.

- 12.2 Innan 2030 oppnå berekraftig forvaltning og effektiv bruk av naturressursar.
- 12.5 Innan 2030 redusere avfallsmengda vesentleg gjennom førebygging, reduksjon, attvinning av materiale og ombruk.
- 12 b Utvikle og innføre metodar for å måle effekten av berekraftig reiseliv som skaper arbeidsplassar og fremjar lokal kultur og lokale produkt.
- 13.1 Styrkje evna til å stå imot og tilpasse seg til klimarelaterte farar og naturkatastrofar i alle land.
- 15.4 Innan 2030 bevare økosystem i fjellområde, inkludert det biologiske mangfaldet der, slik at dei skal bli betre i stand til å yte viktige bidrag til ei berekraftig utvikling.
- 16.7 Sikre lydhøyre, inkluderande, deltakingsbaserte og representative avgjerdsprosessar på alle nivå.

## Satsingsområda

Kommunen leverer tenester på eit breitt spekter av område. Kommuneplanen kan vise alt dette, men gjennom denne revideringa har det vore eit mål å tørre og ta val kring kva Lom skal konsentrere seg om i tida framover.

Å ta slike val betyr ikkje at ein ikkje skal levere gode tenester på alt det andre, men at ein tek bevisste val på kva det er ekstra viktig å arbeide med framover.

Tre satsingsområde med tilhøyrande mål skal saman gje retninga for Lom i planperioden:

- Berekraft
- Attraktivitet
- Leve heile livet i Lom

Delmåla 1.6 (jordvern), 1.9 (fornybar energi), 4.1 (næringsareal) og 6.11 (bustadutvikling) blir ytterlegare utdjupa i arealstrategien.

## Berekraft

Klima og miljø er viktig for verda og Noreg, og derfor også for Lom. Utslepp, forsøpling og nedbygging av natur og jordbruksareal bidreg til utfordringar både globalt og lokalt. Det blir stilt krav til verksemder og forvaltning for korleis planlegging og utvikling kan skje på ein mest mogleg miljøvenleg måte som tener naturen, oss og dei som kjem etter oss.

Berekraft handlar også om å sikre økonomisk tryggleik for menneske og samfunn. Økonomisk utvikling bør skje gjennom grøn vekst, som sikrar folk sine behov, og samstundes held seg innafor naturen sine tålegrenser. Digital transformasjon vil vere eit sentralt verkemiddel i dette arbeidet. Gjennom smart bruk av teknologi og nye arbeidsmåtar kan kommunen redusere ressursbruk, effektivisere tenester og leggje til rette for betre digital samhandling mellom kommunen og innbyggjarane.

Berekraft knytes også til sosiale forhold. Alle menneske har rett på eit anstendig liv: Utdanning, anstendig arbeid, likestilling, kulturelt mangfald og godt helsetilbod. Digitale løysingar kan bidra til betre tilgjenge, auka inkludering og meir likeverdige tenester, samstundes som dei styrker evna kommunen har til å møte framtidige utfordringar.

## **1 Lom skal vere ei kommune der omsynet til klima og miljø ligg til grunn for forvaltnings- og utviklingsarbeid.**

- 1.1 Frå og med 2027 skal det utarbeidast årleg klimarekneskap for den kommunale tenesteproduksjonen, for å kunne måle energiforbruk og miljøutslepp samt graden av gjenbruk.
- 1.2 Med utgangspunkt i klimarekneskapen skal energiforbruket og miljøutsleppet i den kommunale tenesteproduksjonen reduserast, og graden av gjenbruk aukast.
- 1.3 Lom skal vere ein spydspiss innan berekraftig reisemålsutvikling.
- 1.4 Lom skal ta ein nasjonal posisjon innan berekraftig beitebruk i landbruket.
- 1.5 Det skal gjennomførast klima- og miljøtiltak i landbruket.
- 1.6 Lom kommune skal praktisere eit strengt jordvern for å bygge opp under sjølvforsyning, mattryggleik og beredskap.
- 1.7 Kommunen skal bidra regionalt for å redusere klimautsleppa frå transportsektoren.
- 1.8 Kommunen skal arbeide for ei rovviltforvaltning som, innafor dei politiske måla, tek omsyn til beitenæringa.
- 1.9 Lom ønskjer å bidra til auka produksjon av fornybar energi, innafor naturen si tolegrense.

## **2 Lom kommune skal sørge for ei berekraftig forvaltning av økonomi og ressursar for å sikre tenester til innbyggjarane.**

- 2.1 Lom kommune skal ha eit nivå på tenesteproduksjonen i tråd med den demografiske utviklinga.
- 2.2 Kommunen skal ha eit nivå på investeringar som legg til rette for ein framtidsretta og effektiv tenesteproduksjon, og samstundes sørger for forsvarleg økonomisk berevne.
- 2.3 Kommunen skal ha ei langsiktig forvaltning av kraftinntektene.
- 2.4 Kommunen skal ha ei bygningsmasse som er i samsvar med behovet i dei kommunale tenestene og skal sørge for tilstrekkeleg vedlikehald av bygga.
- 2.5 Kommunen skal utnytte handlingsrommet som ligg i tillitsreforma til å utvikle det kommunale sjølvstyret, og arbeide for mindre statleg detaljstyring og rapportering.
- 2.6 Kommunen skal bruke digitalisering som verkemiddel for å vidareutvikle og effektivisere tenester, og styrke omstillingsevna i organisasjonen.
- 2.7 Kommunen skal vere ein aktiv pådrivar for samarbeid med kommunar og andre aktørar der det er tenleg for å løyse oppgåva.

## **3 Lom skal vere eit sosialt berekraftig lokalsamfunn.**

- 3.1 Lomssamfunnet skal vere kjenneteikna av at innbyggjarane har god tillit til samfunnet, kvarandre og offentlege tenester.
- 3.2 I Lom skal det vere tilgang på arbeid, utdanning og gode nærmiljø.
- 3.3 Kommunen skal arbeide for styrka beredskap og auka samfunnstryggleik slik at innbyggjarane opplev at det er trygt å bu i Lom.
- 3.4 Kommunen skal arbeide for god forsyningstryggleik, og forvalte drikkevassressursane på ein trygg og god måte.

## Attraktivitet

Litt over 2200 innbyggjarar har kvardagen sin i Lom. Eit godt kvardagsliv heng tett saman med at ein har ein jobb ein trivst med og ein god plass å bu.

Som ei landbruks- og reiselivskommune er ein sårbar for svingingar og nedgangstider. Kommunen har svært avgrensa med næringsareal både i og utanfor sentrum, og vil per i dag i liten grad kunne tiltrekke seg arealkrevjande etableringar. Samstundes har Lom store sentrums-kvalitetar, med storslått natur lett tilgjengeleg og ein felles jobbmarknad med nabokommunane. Staduavhengige arbeidsplassar kan gje store moglegheiter.

I næringslivet er det mange som ser lyst på framtida, men oppgjev tilgangen til kvalifisert arbeidskraft, lønnsemd og forlenga sesong som det viktigaste for å lykkast.

### **4 Lom kommune skal støtte opp om eksisterande næringsliv og legge til rette for lokal verdiskaping, nyetableringar og heilårsarbeidsplassar.**

- 4.1 Kommunen skal synleggjere og legge til rette for attraktive næringsareal og næringslokale, anten plassert i Lom eller i nabokommunane som ein del av eit felles bu- og arbeidsmarknad.
- 4.2 Kommunen skal leggje til rette for og stimulere til utvikling i næringslivet gjennom nettverk, informasjon, rådgjeving og støtte, med særleg vekt på digitalisering og grønt skifte.
- 4.3 Kommunen skal jobbe for å auke rekrutteringa til landbruket.
- 4.4 Det skal arbeidast for at både arbeidsplassar og aktivitetstilbod i større grad blir heilårsbaserte.
- 4.5 Lomssamfunnet skal tiltrekke seg folk med staduavhengig arbeidsplass gjennom tilrettelegging og omdømmebygging.
- 4.6 Lom kommune skal følge opp Innlandet sitt matløfte, med eit mål om å auke bruken av lokal mat i offentleg sektor.

### **5 Lom kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar.**

- 5.1 Kommunen skal vere ein lærande organisasjon og jobbe for sterke og innovative fagmiljø, gjennom kompetanseheving, utvikling og myndiggjering av arbeidstakarane.
- 5.2 Kommunen skal vere ein inkluderande arbeidsgjevar, som verdsett mangfald og legg til rette for ulike livsfasar og livssituasjonar.
- 5.3 Kommunen skal redusere sjukefråvær gjennom trivsel, medverknad og nærvær blant tilsette, og har eit mål om eit sjukefråvær på under 7 %.
- 5.4 Bemanningsplanlegginga i kommunen skal leggje til rette for fleksible og berekraftige løysingar, som sikrar kvalitet og kontinuitet i tenestene.
- 5.5 Det skal praktiserast tillitsbasert styring og leiing i Lom kommune, med fokus på relasjonell leiing.

### **6 Lom skal vere ein god kommune å besøke, bu og drive næring i.**

- 6.1 Lom kommune skal saman med andre arbeide for ei positiv utvikling av tettstadane våre, med særleg fokus på Fossbergom og Lom sin status som nasjonalparklandsby og nasjonalparkkommune.

- 6.2 Lom kommune skal formidle alt det positive med å bu, besøke, arbeide og drive næring i Lom.
- 6.3 Lom kommune skal jobbe aktivt for tilflytting, attendeflytting og inkludering av nye innbyggjarar.
- 6.4 Lom kommune skal jobbe for ein velfungerande infrastruktur, inkludert betre breiband- og mobilnett og kollektivtilbod.
- 6.5 Lom kommune skal samarbeide godt med næringsliv, organisasjonar, innbyggjarar og gjestar.
- 6.6 Lom kommune skal legge til rette for gode arenaer for kultur, og bidra til å forvalte og formidle den lokale kulturarven.
- 6.7 Lom kommune skal jobbe tett saman med ungdommen og unge vaksne for å styrke Lom som eit attraktivt samfunn for denne målgruppe.
- 6.8 Lom kommune skal synleggjere ledige bustadar, slik at det blir enklare å finne seg bustad til sal eller leige i Lom.
- 6.9 Lom kommune skal sikre eit meir attraktivt og variert bustadtilbod gjennom aktiv tilrettelegging og tett samarbeid med andre aktørar, slik at fleire vel å bu og etablere seg i kommunen.
- 6.10 Lom kommune skal forvalte dei kommunale utleigebustadane i tråd med behovet, og teste ut nye og fleksible løysningar.

## Leve heile livet i Lom

Noverande og komande nasjonale reformar og satsingar set krav til tenesteytinga i Lom kommune. Berekraft, i form av tilgjengelege menneskelege og økonomiske ressursar må vere styrande for korleis Lom skal utvikle, organisere og tilby tenestene sine.

Tenesteutviklinga skal kjenneteiknast av tidleg innsats, førebygging, kvardagsmeistring, tverrsektoriell og tverrfagleg samordning og koordinert oppfølging. Ein må koordinere innsatsen frå det som har vore frittståande sektorar. Oppvekst, helse og meistring, næringsliv og frivillig sektor må samarbeide for å skape dei gode og naudsynte tenestene og rammene for befolkninga i Lom. Kommunen vil i arbeidet med tenestetilboda utvide satsingsområda i nasjonale reformar til å gjelde i eit livsløpsperspektiv.

### **7 Lom skal vere eit samfunn kjenneteikna av aktivitet, tilhøyre og fellesskap prega av inkludering.**

- 7.1 Innbyggjarar skal i større grad ta aktive og informerte val for eigne livsløp og alderdom.
- 7.2 Innbyggjarar skal kunne bidra i utviklinga av lomssamfunnet.
- 7.3 Innbyggjarane skal ha moglegheit til å nytte ressursane sine.
- 7.4 Kommunen skal arbeide aktivt for å motverke utanforskap.
- 7.5 Lomssamfunnet skal fremme møteplassar og aktivitetar på tvers av alder, kjønn og funksjonsevne.

### **8 Lom skal vere kjenneteikna av helsefremjande og førebyggjande aktivitetar og tiltak.**

- 8.1 Kommunen skal bidra til å styrke innbyggjarane si helsekompetanse.
- 8.2 Kommunen skal legge til rette for og fremje fokus på gode og sunne måltid.
- 8.3 Innbyggjarar skal ha gode moglegheiter for fysisk aktivitet.
- 8.4 Kommunen skal fremje god psykisk helse gjennom førebyggjande og inkluderande tiltak.

## **9 Lom kommune skal ha tilpassa tenester som tek utgangspunkt i den enkelte sine behov og ressursar.**

- 9.1 Kvardagsmeistring skal vere eit grunnleggjande prinsipp for tenestetilboda.
- 9.2 Tenestetilboda skal vere kjenneteikna av tidleg innsats og førebyggjande tiltak.
- 9.3 Behovskartlegging skal ligge til grunn for tenestetilbod til den enkelte.
- 9.4 Tenestetilboda skal vere kjenneteikna av systematisk planlegging, gjennomføring, evaluering og korrigering.

## **10 Lom kommune skal vere kjenneteikna av samanhengande, koordinerte og heilskaplege tenester.**

- 10.1 Familiar og pårørande skal få naudsynt støtte og avlasting, og tenestetilbodet skal byggast kring familien.
- 10.2 Tenestetilbodet skal kjenneteiknast av kontinuitet, og tenestemottakarar skal ha færrast mogleg kontaktpersonar å forhalde seg til.
- 10.3 Heilskaplege løysingar og tverrfagleg samarbeid skal kjenneteikne tenestetilbodet.
- 10.4 Kommunen skal sikre gode overgangar mellom tenestenivå- og tilbod.

## **Arealstrategi**

For å sikre ei god kopling mellom ønska samfunnsutvikling og arealbruk, er det utarbeidd ein arealstrategi. Denne angir kva hovudprinsipp som skal ligge til grunn for kommunens arealbruk, og skal vere førande for kommunens arealplanlegging.

Strategien byggjer på eit kunnskapsgrunnlag som er ei samanstilling av eksisterande arealbruk og behov i Lom kommune, saman med eigen og anna offentleg tilgjengeleg statistikk.

Ut frå denne kunnskapen har ein gjort politiske prioriteringar innanfor utvalde tema, og sett mål for dei. Tema som er valde er følgjande fire:

- Bustadutvikling
- Jordvern
- Fornybar energi
- Næringsareal

I arealstrategien har vi skissert korleis vi skal arbeide for å nå måla basert på ønska samfunnsutvikling og viktige lokale og nasjonale samfunnsomsyn. Dette vil i hovudsak bli følgt opp gjennom arealplanlegging og den daglege arealforvaltninga, men også gjennom konkrete tiltak i dei årlege økonomi- og handlingsplanane.

## Mål for arealbruk knytt til bustadutvikling

### **6.11 Lom kommune skal sikre eit meir attraktivt og variert bustadtilbod gjennom aktiv tilrettelegging og tett samarbeid med andre aktørar, slik at fleire vel å bu og etablere seg i kommunen.**

Dette skal skje på same tid som ein varetek andre viktige samfunnsomsyn. Særleg viktige omsyn er knytt til behovet for samlokalisering og effektiv kommunal tenesteyting, sikkerheit frå naturfarar, jord- og skogbruksinteresser, transportbehov og klimagassutslepp, biologisk mangfald og forhold knytt til folkehelse, friluftsliv og nærmiljø.

For å få til dette skal vi:

- a. Legge til rette for bustadbygging på Fossbergom og i grendene, tilpassa ulike behov. Bustadbygginga skal som hovudprinsipp skje konsentrert og i tilknytning til eksisterande infrastruktur, med opning for noko spreidd busetnad.
- b. Utarbeide kommunal retningslinje for dispensasjonshandsaming av tiltak i LNFR-område. I arbeidet med retningslinja skal ein seie noko om:
  - Storleik på tomt
  - Krav knytt til moglegheiter for å etablere vatn- og avlaupsanlegg samt etablering av tilkomst frå offentleg veg
  - Totalt arealbeslag inkl. tilkomst og infrastruktur
  - Kva type areal ein absolutt ikkje vil omdisponere
  - Krav til sikker byggegrunn og utgreiingsansvar (naturfarar)

Vidare skal ein vurdere om retningslinjene bør seie noko om kva omsyn som skal vege tungt som ikkje elles får si handsaming gjennom lov eller forskrift. Dette kan til dømes vere omsyn til:

- Landskapsbilete og naturmiljø som elles ikkje har noko vern eller på anna vis er tillagt ekstra landskapsverdi
- Trekk, viktige korridorar og leveområde for vilt og andre artar som ikkje elles har noko vern
- Område som er lokalt viktig for friluftsliv og folkehelse
- Områder som ligg utanfor verneområde men som kan ha verdi som del av ein besøksstrategi

## Mål for jordvern

### **1.6 Lom kommune skal praktisere eit strengt jordvern for å bygge opp under sjølvforsyning, mattryggleik og beredskap.**

Omdisponering av dyrka mark skal vere siste utveg når det kjem til å løyse arealutfordringar. Omsynet til jordvern må likevel sjåast opp mot prosjekt der samfunnsnyttan er særleg stor.

For å få til dette skal vi:

- a. Ved neste revidering av kommuneplanens arealdel ta ei ny vurdering på dyrka mark som i kommunale arealplanar er avsett til utbyggingsformål. Viktige moment å vurdere vil vere:
- Kva utbyggingsformål er arealet sett av til?
  - Kor stor er samfunnsnyttan knytt til utbygginga?
  - Er det mogleg å møte behovet utan å bygge ned dyrka mark?
  - Kva konsekvensar har det å ta det ut av plan og la det ligge som dyrka mark?
  - Utnyttingsgrad for dei areala som eventuelt vert liggande til utbygging
  - Skal ein arbeide med å finne erstatningsareal for omdisponert dyrka mark? Evt. Kvar bør slikt areal ligge for å gje effektiv drift og ikkje komme på kollisjonskurs med andre interesser?
- b. Vurdere forholdet til dyrka mark i utarbeidinga av ei kommunal retningslinje for dispensasjonshandsaming av tiltak i LNFR-område.

I tida fram mot neste revideringa av kommuneplanens arealdel skal vi ha eit særleg medvit kring jordvern, og halde fram med ei streng dispensasjonsordning kva gjeld dyrka mark.

## Mål for arealbruk knytt til fornybar energi

### **1.9 Lom ønskjer å bidra til auka produksjon av fornybar energi, innafor naturen si tolegrense.**

Når vi vurderer utbygging av fornybar energi, skal omsynet til natur- og landskapsverdiar vege tungt. Kommunen ønskjer ikkje storskala sol- og vindkraftutbygging.

For å få til det skal vi:

- a. Ved arealplanlegging:
- Vurdere moglegheitene for utbygging av fornybar energi på grå areal, eksisterande industri- og næringsområde og på næringsområde som er i ferd med å byggast
  - Gjennom føresegner stille krav om at ein vurderer utnytting av restvarme frå industri og datalagringscenter ved eventuelle etableringar
- b. Ved revidering av kommuneplanens arealdel:
- Vurdere om vi har eigna areal for solkraftanlegg under 10 MW
  - Gjere ei ny vurdering på om føresegnene i større grad kan opne for små vindmøller for privat energiforsyning

## Mål for næringsareal

### **4.1 Kommunen skal synleggjere og legge til rette for attraktive næringsareal og næringslokale, anten plassert i Lom eller i nabokommunane som er ein del av eit felles bu- og arbeidsmarknad.**

Kostnader knytt til opparbeiding og tilrettelegging av næringsareal må balanserast opp mot andre kommunale oppgåver og omsyn knytt til m.a. klima, natur og folkehelse. Kommunen må gjer jamlege vurderingar knytt til marknadsbehov og etterspurnad, arealreservere og utnytningsgrad, og tilpasse utviklinga etter det.

For å få til dette skal vi:

a. Ved arealplanlegging:

- Kontorplassar og varehandel bør lokaliserast i tettbygde strøk der det er mogleg, for å bidra til å skape levande sentrum.
- Kraftkrevjande næring bør lokaliserast der det er naturleg ut i frå Statsnett sine områdeplanar.
- Bedrifter/bransjar som skaper heilårsarbeidsplassar skal prioriterast framfor næringar som krev få eller ingen arbeidsplassar, i den grad kommunen kan påverke dette gjennom arealstrategien sin.
- Legge til rette for fortetting og betre utnytting av eksisterande næringsareal. Dette kan skje gjennom føresegnene knytt til arealplanlegging eller andre tiltak som gjer det enkelt for lokalt næringsliv å utnytte eksisterande areal godt.

b. Ved utvikling av næringsareal:

- Næringsareal der kommunen er grunneigar bør så langt det er mogleg regulerast og bli opparbeidd fram til tomtegrensal.
- Kommunen skal aktivt søkje samarbeid med private grunneigarar og regionale / nasjonale samarbeidspartnarar der dette er hensiktsmessig.
- Kostnader knytt til opparbeiding og tilrettelegging av næringsareal må balanserast opp mot andre kommunale oppgåver og omsyn knytt til m.a. klima, natur og folkehelse.

## Samfunnsplanen i bruk

### Handlings- og økonomiplan

I Lom kommune er samfunnsplanen sin handlingsdel og økonomiplanen eitt felles dokument, kalla handlings- og økonomiplan. Der kommuneplanen sin samfunnsdel er overordna og langsiktig, er handlings- og økonomiplanen detaljert med tydelege prioriteringar og konkrete tiltak. Handlings- og økonomiplanen har eit fireårsperspektiv og er til politisk behandling årleg. Det fyrste året i handlings- og økonomiplanen er kommunen sitt årsbudsjett.

### Korleis lykkast vi?

For å lykkast med måla som er sett i kommuneplanen, er samarbeid og bevisstgjerung kanskje dei aller viktigaste stikkorda. I dette så ligg det at kommuneplanen jamleg må vere tema i politiske forum så vel som i administrasjonen.

Vi må vere trygge på at måla vi har sett oss er dei måla vi skal jobbe mot. Ikkje minst må vi vere gode på å ta jamlege gjennomgangar og drøftingar av plandokumentet, både for å halde kjennskapen til planen ved like og for å rette på kursen dersom vi ser at dette er naudsynt. Å bruke etablerte politiske forum til dette vil vere viktig og nyttig, eksempelvis kommunestyret si årlege dialogkonferanse.

Forbetrings- og utviklingsarbeid stiller nye krav til kompetansen i organisasjonen og korleis det blir jobba. Vi må lytte til kvarandre, stille spørsmål, tenkje løysingar saman og gje rom for å prøve og feile.

Med utgangspunkt i samfunnsplanen må vi gå frå visjonar og mål til handling. For å lykkast med dette må vi prioritere, og som lokalsamfunn vere samordna i den vidare utviklinga av Lom kommune.

## Revidering

Jamfør plan- og bygningslova skal ein minst kvart fjerde år vurdere om kommuneplanen skal reviderast.

## Medverknad

God medverknad aukar sjansane for at planen blir eit bruksdokument som fleire i organisasjonen kjenner til og vil sjå til. For å oppnå god forankring i kommuneorganisasjonen jobba vi breitt både politisk og administrativt i kommuneorganisasjonen og med innbyggjarar og brukargrupper da planen vart utarbeidd i 2022. Revideringa i 2026 har hatt mindre medverknad og har fokusert på å oppdatere og forbetre planen ut frå nytt kunnskapsgrunnlag. Det har ikkje vore lagt opp til utstrakt medverknad. Kommunestyret har hatt arbeidsmøte om arealstrategi, demografisk utvikling folkehelse og beredskap, og administrativt har leiarnivåa jobba med planen.

Verdien av samfunnsplanen blir redusert dersom ein ikkje involverer resten av lokalsamfunnet. Ved neste hovudrevidering blir det difor igjen lagt opp til breiare medverknad.

## Rammene rundt

### Nasjonale og regionale rammer

Til grunn for planarbeidet ligg Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027. Her formidlar regjeringa kva som er den nasjonalt prioriterte politikken som også kommunane skal sjå til i sitt plan- og utviklingsarbeid. Fem overordna perspektiv ligg til grunn: Sosial, økonomisk og miljø messig berekraft, samfunnstryggleik og beredskap og samarbeid for å nå måla.

Innhaldet i nasjonale og regionale retningslinjer og planar skal takast omsyn til når kommunane arbeider fram sine planar for kommunen si framtid som tenesteleverandør, samfunnsutvikling og ressursforvaltar. Andre nasjonale retningslinjer som ligg til grunn omhandlar barn og planlegging, nasjonal jordvernstrategi, klima- og energiplanlegging, bustad-, areal- og transportplanlegging.

### Lokale føringar

Framtidas Lom byr på både moglegheiter og utfordringar. For å ha god oversikt over tilhøva i dag og kva behov vi har i framtida, ser vi mellom anna til undersøkingar og kartleggingar. Sentralt her er kommunebilda som statsforvaltaren kvart år utarbeider for kvar kommune. Basert på kommunebildet blir det gjort opp status på fagområda oppvekst, rus og psykisk helse,

samfunnstryggleik med meir. Slik får kommunen eit godt bilde av kvar situasjonen er vurdert som god og trygg og på kva ansvarsområde kommunen ikkje leverer godt nok.

Folkehelsearbeid skal mellom anna fremje helse og trivnad i befolkninga og førebygge sjukdom. Da er det naudsynt med oversikt over helsetilstanden i befolkninga. Ein skriftleg rapport om folkehelse er lovpålagd og skal utarbeidast kvar fjerde år. I tillegg skal kommunen ha løpande oversikt. Folkehelseoversikta er viktig for å vise kvar og korleis kommunen især skal prioritere sine ressursar.

Klimaprofilane som er utarbeidd for Lom ligg til grunn for utarbeiding av kommuneplanen og er ei viktig framskriving å sjå til i planarbeidet.

Kommunen har også sett til anna forskning og lokale erfaringar i utarbeidinga av planen.

## Sitat frå innbyggjarar

Vi ønskjer ein skule som er ein trygg plass for elevane, der vi har tilfredse, aktive og engasjerte elevar gjennom variert undervisning og elevmedverknad.

Lær barn og unge naturglede – det er sentralt for fysisk og psykisk god helse.

Vi ønskjer ein skule som er ein trygg plass for elevane, der vi har tilfredse, aktive og engasjerte elevar gjennom variert undervisning og elevmedverknad.

Lær barn og unge naturglede – det er sentralt for fysisk og psykisk god helse.

Unge treng ein plass å vera: Ungdomsklubb og mekkeklubb.

Eg trur at det å vere mykje ute i naturen, i mest mogleg urørt natur, har mykje å seie for god helse og trivnad.

Vi ønskjer oss fleire ting å gjere i friminutta på ungdomsskulen. Husker og klatrestativ og slikt.

Det er viktig med ei bevisstheit om at alle her har eit ansvar for å inkludere.

Sei hei!

Vi bør marknadsføre naturen og sjå den «lomske» måten å leva på som ein del av det grønne skiftet.

Kva Lom skal vera om ti år? Verdsleiande når det gjeld bruk av fjella i næringssamanheng: Fjellredning, klimaforskning og klimaturisme.